

---

**Fra:** Ingrid Raniseth  
**Sendt:** onsdag 20. desember 2017 10.45  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** 17/24974 Reguleringsplan for Mjåtveitstø - Melding om planvedtak  
**Vedlegg:** Planvedtak.pdf

**Kategorier:** Grønn kategori

Meland Ungdomsråd v/Eirik Utne  
HER

Referanser: Saksbehandlar: 20.12.2017  
Dykkar: Ingrid Raniseth  
Vår: 15/2754 - 17/24974 ingrid.raniseth@meland.kommune.no

## Reguleringsplan for Mjåtveitstø - Melding om planvedtak

### **KUNNGJERING AV ENDELEG VEDTAK REGULERINGSPLAN FOR MJÅTVEITSTØ**

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-12 er framlegg til plan handsama i kommunestyre 13.12.2017 med slikt vedtak:

*«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Mjåtveitstø, PlanId 1256 2015 0005, som vist på plankart sist datert 25.08.2017 og med føresegner av revisjonsdato 09.11.2017.»*

*Føresegnene påførast revisjonsdato for kommunestyrevedtaket før planvedtaket vert kunngjort.*

*Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.»*

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Planvedtak og godkjent reguleringsplan er lagt ut i resepsjonen på rådhuset, på kommunen si heimeside (under høyringar og offentleg ettersyn) og i digitalt planarkiv (braPLAN).

### **OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN**

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1. ledd.

Eventuell klage må vere skriftleg og skal sendast til:

Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug,  
eller som e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyising i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa, jf. PBL § 15-2 og 3.

Med helsing

Ingrid Raniseth  
Plansakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
Planvedtak